

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Utvalssak
Arbeidsmiljøutvalet	01.12.2020	019/20
Administrasjonsutvalet	01.12.2020	003/20
Seniorrådet	01.12.2020	010/20
Ungdomsrådet		
Rådet for funksjonshemma	08.12.2020	003/20
Formannskap	02.12.2020	086/20
Heradsstyret	16.12.2020	091/20

Sakshandsamar Trygve Solberg	Arkiv: K1-010	Arkivsaknr 20/498 - 2
--	-------------------------	--------------------------

Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024

Vedlegg:

Diverse budsjettskjema 2021
Gebyrhefte 2021
Tillegg til gebyrheftet - korrigert historikk bompengar Osafjellsvegen
Vedlegg til Økonomiplan 2021-2024 og budsjett 2021_ffskv1
Søknad kyrkja økonomisk rammetilskot
Søknad til UH om støtte til UN 2021.docx
Budsjettforslag kontrollutval Ulvik herad 2021 endeleg
Oppdaterte sparetiltak 1
Oppdaterte driftstiltak 1
Hjelpefil til talbudsjettet
Uttale skulebudsjett 2021 Udf. Ulvik
Bemanning i Ulvik barnehage
Søknad om midlar til UIL, trakkemaskin
Trakkemaskin Ulvik IL
Innspel til skulebudsjett for Brakanes skule 2021
Uttale frå FAU-2020-2021
Uttale frå Ungdomsrådet til budsjett 2021
Søknad driftsmidlar 2021. Olav. H. Hauge- senteret
449-154 Søknad driftsmidlar 2021 Hauge-senteret PMFS
RE og BU Hauge 2019-2021 GN

Saksutgreiing:

Rådmannen legg med dette fram økonomiplan 2021-2024 og budsjett 2021 til politisk handsaming. Økonomiplanen for 2021-2024 skal gje eit samla oversyn over inntekter og utgifter for den komande 4-årsperioden, så langt me kjenner dei. Planen skal omfatta heile heradet si verksemd og gje eit oversyn over sannsynlege utgifter og inntekter i planperioden. I tillegg skal planen syna prioriterte oppgåver.

Det er statsbudsjettet som legg rammene for storleiken på inntektene som heradet rår over i åra som kjem. Skatt og rammetilskot for 2020 er på til saman kr 96.003.000.

Skatteinntektene er ca 1.011.000 høgare enn for 2020, med bakgrunn i regjeringa sine endringar for skatteøret. Rammetilskotet er auka i kroner, og samla sett vert det ein auke og når ein reknar med lønns- og prisveksten. Det er lagt til grunn auke på vel 0,6mNOK i eigedomsskatt I 2020 som så vedlikehaldast ut planperioden. Dette handlar om utfall av klagesak frå Statnett.

Inntektene for sal av kraft kan svinga frå år til år. Grunna særers dårlege prognoser for 2021 etter eit endå dårlegare år for spotmarknaden i 2020 har heradet for 2021 inngått ei prøveordning med kraftforvaltning frå Ishavskraft. I høve avtalen kan heradet budsjettera med ei minstepris på kr 21,4øre/kwh, og Ishavskraft vil arbeida for å selja kraften dyrare. For 2021 er det lagt til grunn eit kraftsal på minstepris i fyrste halvår, og ein pris på 30øre kw/h i andre halvår. Måsetninga til forvaltningsordninga er å slå marknaden, og me legg dette til grunn for å avvika frå budsjettert minstepris året gjennom. Dette vil gje eit sal lik kr. 8,1 mot 12,7m for året 2020. For resten av perioden har me valt å leggja oss på eit meir nøkternt nivå enn førre økonomiplan, men likevel høgare enn budsjettåret 2021, og legg til grunn 9,5 millionar kroner i årlege kraftinntekter i resten av planperioden. Svingingar i konsesjonskraftinntekter vil påverke dette.

I denne økonomiplanen har målet vore å legge fram eit budsjett som er i balanse. Sjølv om vi har vore nøkterne i vurderingane av eigedomsskatt og noko meir optimistiske i sal av konsesjonskraft, så veit vi at det ofte kjem nye uventa kostnader i løpet av planperioden. I grunnbudsjettet er det difor innført innsparingar på alle område som ikkje går utover lovpålagte oppgåver for å få ned drifta så mykje som er forsvarleg. I budsjettvedlegget er det også lagt inn ei liste over ytterlegare tiltak som kan veljast inn for å få til ytterlegare innsparingar.

I den framlagde økonomiplanen for 2020-2023 er det lagt til grunn fylgjande overskot (mindreforbruk):


År 2020	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024
+1.684.982	+1.037.328	+1.582.873	+1.308.351	+995.459

Det er ikkje sett av midlar til fond i perioden. Som tabellen over viser, er det lagt opp til overføring til investeringsrekneskapen med kr 1.037.328 i 2021.

Fleire av einingane har vore underbudsjettert over fleire år og har som konsekvens av det levert årlege underskot i drifta. Fordelinga av ramma mellom einingane er difor noko justert, til eit meir realistisk nivå.

Rammefordelinga har vorte noko endra sidan 2020, i tråd med endra behov. NAV sin del av ramma utgjer i 2021 3 %, Barnehage utgjer 8 % og Teknisk eining utgjer 13 %. Stab ligg fast på 17%, same nivå som i 2020. Helse og omsorg har gjort fleire kutt for å komme ned på ramma, men auker likevel til 36% som fylgje av pålagte oppgåver med vesentleg auke. Tilsvarande har Undervisning gjort kutt, men auker likevel til 23% som fylgje av nye oppgåver. Utan tilføring av nye midler vil framtidige kutt i

dei einingsvise rammene vil berre kunne skje gjennom kutt i stillingar ved å ta vekk tenester eller oppgåver, samt smarte løysingar og betre effektivitet. Fordelinga mellom einingane ser slik ut for 2021:



Av dei totale driftsutgiftene i einingane så ser me at drygt 60% går med til løn og sosiale utgifter. Den samla ramma til einingane er auka frå 2021 med ein vekst på 2% av lønsutgiftene.

Videre er heile låneportefølja til heradet teke opp med flytande rente. Dette er gunstig i tider med nær nullrente, men dersom renta aukar i løpet av planperioden, vil dette svekke handlingsrommet til heradet ytterlegare.

Moglege driftstiltak

I vedlagt budsjettdokument er det i punkt 3.3 lagt inn ei liste over andre moglege sparetiltak. Videre, i punkt 4, er det lagt inn søknadar frå eksterne aktører, samt kostnadstiltak frå einingane.

Kyrkja har søkt om ekstra løyving for 2021 på kr. 207642. Auken er ikkje teke inn i talbudsjettet, men kan veljast inn om ynskjeleg.

Næringslaget har søkt om støtte på kr. 250.000 for 2021. Budsjettet legg til grunn ein videreføring av dagens nivå på 950.000 som støtte til turistkontor og næringslag. Etter omorganisering av turistkontoret er det lagt inn 200.000 i støtte til næringslaget. Administrasjonen tilrår likevel at den fulle støtta på 250.000 vert vedteke og lagt inn i budsjettet.

Undervisning har lagt inn tiltak for kostnadsreduksjon eller kostnadsauke basert på videreføring av Brakanes skule som 7-delt, 8-delt, 9-delt eller 10-delt. 9-deling er lagt til grunn i talbudsjettet.

Barnehagen har tilbod om deltids plassar som fungerer som rabatterte heiltids plassar. Bemanninga er lik uavhengig av om ein har heiltid eller deltid, men inntektene er lågare med dagens ordning. Fjerning av deltids plassar er lagt til grunn i talbudsjettet, med inntektsauke lik kr. 54176. Dette må veljast innført om det ikkje er ynskjeleg å fjerna ordninga.

Omsorgstunet har i dag 18 langtidsplassar og bemanning i høve dette. Reduksjon til 14 plassar kan gje ei besparing, etter uttrekk av tapte inntekter, på 1,5 millionar med tilhøyrande nedbemanning. Dette ligg ikkje inne i talbudsjettet og må veljast om det skal leggjast inn.

Eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader er ikkje vedteke i Ulvik, men administrasjonen legg likevel fram dette som eit føreslått sparetiltak. Innføring i 2021 vil gje ei ekstra inntening på ca 0,45mill, og dette kan aukast årleg fram til 1,8mill i 2024. Dette ligg ikkje inne i talbudsjettet og må veljast inn om ynskjeleg.

Musikkdirigent er i dag eit tilbod til Ulvik musikklag finansiert over undervisningsbudsjettet. Dette er ein kostbar stilling, særskilt då dirigenten har lang reiseveg og får reiseutgifter refundert av heradet. Fjerning av denne stillinga vil gjeva ei årleg innsparing lik kr. 375000. Dette ligg ikkje inne i talbudsjettet og må veljast inn om ynskjeleg.

Ungdomsarbeider i 40% er i dag eit tilbod frå Ulvik herad som ikkje er lovpålagt. Denne stillinga ligg inne i talbudsjettet, men føreslåast redusert til 10% kontakt mot ungdomsrådet som sparetiltak. Dette vil gjeva ei årleg innsparing på kr. 161.244. Tiltaket ligg ikkje i budsjettet og må veljast inn om ynskjeleg.

Investeringar i perioden 2021-2024

Punkt 3.5. i vedlagte budsjettdokument viser investeringar i planperioden. Det er lagt inn 28,6 millionar i 2021, 14,2 millionar kroner i 2021, 11,8 millionar kroner i 2023 og 11,9 millionar i 2024 til ulike investeringsbehov. I desse beløpa er det lagt inn ein fast post på 5 millionar til å dekkja utlån av startlånsmidlar (opplåning er eiga vedtak).

Det er lagt inn ein naudsynt auke i investeringar på IKT-området med 2 885 000 kroner. Investeringane gjeld i hovudsak IKT-kostnader knytt til heradshuset og skulen, men og heilt nødvendig oppgradering av system, infrastruktur og tilpassing til ein meir digital kvardag i heile heradet.

Idrettslaget har søkt om 650.000 i driftsmidlar til kjøp av trakkemaskin på Drevtjønn. Det er vurdert at desse midlane ikkje er tilgjengelege, men det er lagt inn eit alternativ forslag på lista over investeringstiltak i punkt 4 i vedlegget der heradet kjøper maskina for 450.000 (med støtte midlar frå idrettslaget og andre) og idrettslaget disponerer og vedlikeheld denne. Midlane er ikkje lagt inn i investeringsbudsjettet. Dette må evt justerast inn dersom det vert vedteke. Administrasjonen sin tilråing er at dette vert vedteke og lagt inn i budsjettet.

Investeringar til undervisning og barnehage er i tråd med tidlegare plan. VA-investering er justert i høve behovsending, og vedlikehaldsplanen er justert i tråd med at tiltak frå 2020 måtte utsetjast. I tillegg er anskaffing av Komtek som system til kommunale gebyr lagt inn.

Helse investerer 0,7 millionar i nytt utstyr til omsorgstun, legekontor og fysioterapi, medan brannvesen investerer 0,33millionar i lager og nytt utstyr.

Opplåninga i planperioden går frå 144,6 millionar kroner og reduserast gradvis til 139,4 millionar kroner i 2024.

Årsbudsjettet for 2021 er første året i økonomiplanen for 2021-2024. Det framlagde statsbudsjettet viser ein auke i frie inntekter på 2,5 %. Det er også lagt inn eit korona-relatert tillegg for fyrste halvår som utgjer ytterlegare 0,5%, og gjev ei samla auke i frie inntekter på 3%.

Vurdering:

Ut frå dei økonomiske prognosane for heradsøkonomien for perioden 2021-2024 står heradet framleis framfor ei omstilling. Behovet har berre vorte forsterka av koronapandemien med

utfordringane den har medbrakt. Det er utarbeidd ein omstillingsplan for korleis denne omstillinga skal sikre medarbeidarane sine rettar.

Vedtekne investeringar gjer til at heradet sine utgifter til renter og avdrag aukar monaleg, men låg rente gjev heradet eit pusterom gjennom planperioden. På sikt må inntektene opp og utgiftene ned. Det er difor nødvendig å gjera grep slik at heradet har ein bærekraftig økonomi i tida som kjem. Heradet har allereie gjort ein del tiltak, og kartlagt fleire tiltak som kan leggjast inn i økonomiplanperioden, slik at heradet på sikt kjem ned på eit driftsnivå vi kan legge oss på over tid, på bakgrunn av dei utfordringane som framtida byr på.

Heradet si primæroppgåve er å yta gode tenester til innbyggjarane sine etter lov og forskrift.

Dette gjer me best med å ta trygge og fornuftige val som gjer at heradet har ein solid grunnpilar til å møte framtida med.

Trass innsparingar yt heradet gode tenester til sine innbyggjarar, og vil og gjera det framover i planperioden 2021-2024, med framlagt budsjett og økonomiplan. **Sjå elles budsjettdokumentet med vedlegg.**

Rådmannen sitt framlegg:

Ulvik heradstyre godkjenner framlegg til budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024 med desse føresetnadane:

1. Budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024 vert vedteke slik det går fram av vedlagte budsjett- og økonomiplandokument.
2. Framlegg til rammer for fordeling av driftsutgifter til politisk nivå, rådmannsnivå og driftseiningane vert godkjent slik dette går fram av hovudoversikt og vedlagde talbudsjett.
3. VA-avgifter på vatn og kloakk aukast utover sjølvkost til naudsynt nivå for å innbetala underskot på 3,6millionar frå 2019.
4. Brakanes skule videreførast med 9-deling (kostnad på kr. 910.000 lagt inn i talbudsjettet)
5. Rabattordning for deltidsplassar i barnehagen avviklast (kostnad på kr. 54176 teke ut av talbudsjettet)
6. Omsorgstunet videreførast med 18 langtidsplassar og bemanning for dette.
7. Næringslaget tildelast støtte på 200.000 i tråd med videreføring av 2020-nivå.
8. Ungdomsarbeidar finansierast av Undervisning med 40%-stilling.
9. Musikkdirigent som tilbod vert videreført.
10. Kyrkja tildelast ikkje nye midlar, men vert trekt ned i høve forslag frå stabseininga i talbudsjettet.
11. Ulvik idrettslag får ikkje tilskot til ny tråkkemaskin.
12. Eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader vert ikkje innført i 2021.
13. Investeringsbudsjettet for Ulvik herad for 2021 vert godkjent med ei totalramme på kr 28 616 838

og eit låneopptak på inntil kr 27 479 510

14. Vanleg skatt på inntekt og formue vert fastsett lik høgaste sats Stortinget godkjenner.
15. For eigedomsskatteåret 2020 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova §3 første ledd, bokstav c.
16. Heradet skriv ut skatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som nærings eigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.
17. Det skal skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» etter overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 fyrste ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2021 være lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som nærings eigedom.
18. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2021 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova §11 fyrste ledd.
19. Skattesatsen for det særskilte grunnlaget er 7 promille.
20. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Ulvik herad vedtekne i heradstyremøte 11.12. 2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2021,jfr. eigedomsskattelova §10.
21. Eigedomsskatten vert skriven ut i to terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 fyrste ledd.
22. Det vert ein auke i betalingssatsane for kommunale tenester frå og med 1. jan. 2021. Dette gjeld for dei tenester me sjølv kan prisjustera utan å koma i konflikt med statlege føringar og/eller sjølvkostprinsipp.
 - For avgifter - vatn og avløp (sjølvkost) vert det vist til oversikt i eige vedlegg til budsjettet. For renovasjon vert det vist til vedtak i Indre Hordaland Miljøverk.
 - Betalingssatsane for tenester i helse- og omsorg vert auka med 3 %. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 1.1.2021.
 - Betalingssatsane for tenester på skulen vert auka med 3%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2021.
 - Betalingssatsane for tenester i barnehagen vert auka til det som regjeringa føreslår som maksimalpris for ein heiltidsplass i barnehage. Andre satsar i barnehagen er auke etter sjølvkostprinsippet.
 - Husleigesatsane i kommunale utleigebustader er sett opp med 2,5%, der dette let seg gjera utan å koma i konflikt med gjeldande kontraktar eller husleigelov.
 - Betalingsatsar for byggjesak og matrikkellov videreførast frå 2020. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2021.
23. Ulvik herad tek ut utbytte frå Hardanger Energi AS med NOK 1.152 mill. i 2020.

24. Etter framlegg frå valnemnda vert godtgjersle til ordførar for 2021 fastsett til kr.Til
varaordførar kr.
25. I høve til krav i ny kommunelov §14-2 pliktar heradet å styra etter finansielle måltal. For
planperioden 2021-2024 veljast måltal som fylgjer: 1,1% for netto driftsresultat I høve brutto
driftsinntekter, gjeldsgrad I høve til frie inntekter på under 1,5 og disposisjonsfond ikkje mindre enn
7% av frie inntekter.

01.12.2020 Arbeidsmiljøutvalet

Uttale frå AMU:

Amu støtter rådmannen sitt framlegg til budsjett men Amu registrerer at det er eit stramt driftsbudsjett som krev god leiing og stram økonomistyring.

Det er viktig at ein har særskild fokus på korleis dette påverkar arbeidsmiljøet, sjukefråværet og dei tilsette i Ulvik herad.

Røysting:

Samrøystes vedteken

AMU- 019/20 Vedtak:

Uttale frå AMU:

Amu støtter rådmannen sitt framlegg til budsjett men Amu registrerer at det er eit stramt driftsbudsjett som krev god leiing og stram økonomistyring.

Det er viktig at ein har særskild fokus på korleis dette påverkar arbeidsmiljøet, sjukefråværet og dei tilsette i Ulvik herad.

01.12.2020 Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet støtter rådmannen sitt framlegg til budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024.

Røysting:

Samrøystes uttale.

ADM- 003/20 Vedtak:

Uttale frå Administrasjonsutvalet:

Administrasjonutvalet støtter rådmannen sitt framlegg til budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024.

01.12.2020 Seniorrådet

Endringsframlegg frå Seniorrådet:

- i punkt 4. Brakanes skule vert vidareført med 10-deling (kostnad på kr. 910.000 lagt inn i talbudsjettet) + kr 610,000,- for å oppnå 10-deling og kr 350.000 til tidleginnsats.

- stryker punkt 5 og legg inn kostnad på kr. 54176 i talbudsjettet

- i punkt 12. Eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader vert ikkje innført.

Røysting:

Samrøystes vedteken.

ELD- 010/20 Vedtak:

Uttale frå Seniorrådet:

Seniorrådet støtter rådmannen sitt framlegg til budsjett med fylgjande endringar:

- i punkt 4. Brakanes skule vert vidareført med 10-deling (kostnad på kr. 910.000 lagt inn i talbudsjettet) + kr 610,000,- for å oppnå 10-deling og kr 350.000 til tidleginnsats.
- stryker punkt 5 og legge inn kostnad på kr. 54176 i talbudsjettet
- i punkt 12. Eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader vert ikkje innført.

02.12.2020 Formannskap

Endringsframleg frå Høgre:

pnkt . 11.Ulvik herad løyver kr. 450 000 til ny tråkkemaskin med dekning frå investeringsfondet.

pnkt. 12. Eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader vert ikkje innført.

Røysting:

Endringsframlegg pnkt. 11 frå Høgre fekk 4 røyster for (AP,SP,H) og 1 røyst mot (V) og vart vedteken.

Endringsframlegg pnkt. 12 frå Høgre fekk 4 røyster for (AP,SP,H) og 1 røyst mot (V) og vart vedteken.

Resterande punkt i rådmannen si tilråding, med endring av beløp i pnkt 7 (kr. 250.000 jmf. vedtak i sak 081/20) vart samrøystes vedteken.

FSK- 086/20 Vedtak:

Samrøystes tilråding:

Ulvik heradstyre godkjenner framlegg til budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024 med desse føresetnadane:

1. Budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024 vert vedteke slik det går fram av vedlagte budsjett- og økonomiplandokument.
2. Framlegg til rammer for fordeling av driftsutgifter til politisk nivå, rådmannsnivå og driftseiningane vert godkjent slik dette går fram av hovudoversikt og vedlagde talbudsjett.
3. VA-avgifter på vatn og kloakk aukast utover sjølvkost til naudsynt nivå for å innbetala underskot på 3,6millionar frå 2019.
4. Brakanes skule vidareførast med 9-deling (kostnad på kr. 910.000 lagt inn i talbudsjettet)
5. Rabattordning for deltids plassar i barnehagen avviklast (kostnad på kr. 54176 teke ut av talbudsjettet)
6. Omsorgstunet vidareførast med 18 langtids plassar og bemanning for dette.
7. Næringslaget tildelast støtte på 250.000 .
8. Ungdomsarbeidar finansierast av Undervisning med 40%-stilling.
9. Musikkdirigent som tilbod vert vidareført.
10. Kyrkja tildelast ikkje nye midlar, men vert trekt ned i høve forslag frå stabseininga i talbudsjettet.
11. Ulvik herad løyver kr. 450 000 til ny tråkkemaskin med dekning frå investeringsfondet.
12. Eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader vert ikkje innført.
13. Investeringsbudsjettet for Ulvik herad for 2021 vert godkjent med ei totalramme på kr 28 616 838 og eit låneopptak på inntil kr 27 479 510

14. Vanleg skatt på inntekt og formue vert fastsett lik høgaste sats Stortinget godkjenner.
15. For eigedomsskatteåret 2020 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova §3 første ledd, bokstav c.
16. Heradet skriv ut skatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringsseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.
17. Det skal skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» etter overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 fyrste ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2021 være lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringsseigedom.
18. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2021 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova §11 fyrste ledd.
19. Skattesatsen for det særskilte grunnlaget er 7 promille.
20. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Ulvik herad vedtekne i heradstyremøte 11.12. 2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2021,jfr. eigedomsskattelova §10.
21. Eigedomsskatten vert skriven ut i to terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 fyrste ledd.
22. Det vert ein auke i betalingssatsane for kommunale tenester frå og med 1. jan. 2021. Dette gjeld for dei tenester me sjølv kan prisjustera utan å koma i konflikt med statlege føringar og/eller sjølvkostprinsipp.
 - For avgifter - vatn og avløp (sjølvkost) vert det vist til oversikt i eige vedlegg til budsjettet. For renovasjon vert det vist til vedtak i Indre Hordaland Miljøverk.
 - Betalingssatsane for tenester i helse- og omsorg vert auka med 3 %. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve endringar i forskrift frå departementet med verknad frå og med 1.1.2021.
 - Betalingssatsane for tenester på skulen vert auka med 3%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2021.
 - Betalingssatsane for tenester i barnehagen vert auka til det som regjeringa føreslår som maksimalpris for ein heiltidsplass i barnehage. Andre satsar i barnehagen er auke etter sjølvkostprinsippet.
 - Husleigesatsane i kommunale utleigebustader er sett opp med 2,5%, der dette let seg gjera utan å koma i konflikt med gjeldande kontraktar eller husleigelov.
 - Betalingsatsar for byggjesak og matrikkellov videreførast frå 2020. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2021.
23. Ulvik herad tek ut utbytte frå Hardanger Energi AS med NOK 1.152 mill. i 2020.

24. Etter framlegg frå valnemnda vert godtgjersle til ordførar for 2021 fastsett til kr.Til varaordførar kr.
25. I høve til krav i ny kommunelov §14-2 pliktar heradet å styra etter finansielle måltal. For planperioden 2021-2024 veljast måltal som fylgjer: 1,1% for netto driftsresultat I høve brutto driftsinntekter, gjeldsgrad I høve til frie inntekter på under 1,5 og disposisjonsfond ikkje mindre enn 7% av frie inntekter.

08.12.2020 Rådet for funksjonshemma

Rådet for funksjonshemma tek tilråding frå formannskapet til vitring med fylgjande kommentar til budsjettet: rådet ser ikkje teneste med BPA (brukarstyrt personleg assistanse) er synleggjort i budsjettet.

Røysting:

Samrøystes vedteken.

RFF- 003/20 Vedtak:

Uttale frå rådet for funksjonshemma:

Rådet for funksjonshemma tek tilråding frå formannskapet til vitring med fylgjande kommentar til budsjettet: rådet ser ikkje teneste med BPA (brukarstyrt personleg assistanse) er synleggjort i budsjettet.

16.12.2020 Heradsstyret

Endringsframlegg frå SV:

Endring av punkt 12 i tilrådinga frå formannskapet. Spørsmålet om innføring av eigedomsskatt på bustader i Ulvik vert utgreidd innan budsjettmøte i 2021.

Framlegg frå valnemnda:

Løn til ordførar og varaordførar vert ikkje endra frå 2020 til 2021.

Ordførar: kr 741 000

Varaordførar: kr 76 800

Fellesframlegg frå Ap, Sp og Høgre i HST, sak 091/20. Budsjett 2021:

Endring av pkt. 4 i tilrådinga frå FSK-086/20

Brakanes skule vert 10-delt frå januar 2021. Ekstra kostnad på kr 610 000,- vert lagt inn i budsjettet for skulen. (Kostnad for 9-deling med kr 910 000 er allereie lagt inn i talbudsjettet.)

Tiltaket vert finansiert slik: Kr 310 000 i reduksjon til drift av den gamle sjukeheimen og Kr 300 000 frå disposisjonsfond.

Endring av pkt. 5 i tilrådinga frå FSK-086/20

Barnehagen får kr 500 000,- i ekstra midlar for å behalda 4 avdelingar i heile 2021. Dette reduserer inntekter med kr. 54 176.

Tiltaket vert finansiert ved å redusera overføring frå drift til investeringsrekneskap med til saman kr. 554 176.

Endring av pkt. 13 i tilrådinga frå FSK-086/20

Investeringsbudsjettet for Ulvik herad for 2021 vert godkjent med ei totalramme på kr 28 016 838 og eit låneopptak på inntil kr 27 433 686. (korrigerede tal etter uttak av investeringar på skule og

bibliotek på totalt kr. 600 000, jfr. pkt. 4, og reduksjon av overføring til investering på totalt kr. 554.176, jfr. pkt. 5)

Kr 250 000,- til utgreiing av fådelt skule vert teken ut av investeringsbudsjettet.

Kr 350 000 til meirope bibliotek vert teke ut av investeringsbudsjettet.

Endring av pkt 11 i tilrådinga frå FSK-086/20

Ulvik herad gjev årleg driftstilskot med ca. kr 100 100 til Ulvik IL for nedbetaling av lån på kr 450 000,- til kjøp av ny tråkkemaskin. Lånet skal nedbetalast over 5 år. Driftstilskotet vert dekkja av næringsfondet.

Nytt underpunkt under pkt 22.

Betalingssatsane for Osafjellsvegen vert som følgjer:

Kjøretøy under 3,5t. Enkeltur 100,- Årskort 400,-

Kjøretøy over 3,5t. Enkeltur 300,- Årskort 1200,-

Gruppemøte: 10 min

Røysting:

Røysting over pnkt. 12 Framlegg frå SV mot pnkt. 12 i tilråding frå formannskapet:

Framlegg frå SV fekk 2 røyster for (SV) og 15 røyster mot (AP,V,H,SP) og fall. Tilråding frå formannskapet pnkt 12 vart vedteken.

Røysting over pnkt. 4 Fellesframlegg frå AP,SP,H mot pnkt. 4 i tilråding frå formannskapet:

Fellesframlegg frå AP,SP,H vart samrøystes vedteken.

Røysting over pnkt. 5 Fellesframlegg frå AP,SP,H mot pnkt. 5 i tilråding frå formannskapet:

Fellesframlegg frå AP,SP,H vart samrøystes vedteken.

Røysting over pnkt. 13 Fellesframlegg frå AP,SP,H mot pnkt. 13 i tilråding frå formannskapet:

Fellesframlegg frå AP,SP,H vart samrøystes vedteken.

Røysting over pnkt. 11 Fellesframlegg frå AP,SP,H mot pnkt. 11 i tilråding frå formannskapet:

Fellesframlegg frå AP,SP,H vart samrøystes vedteken.

Røysting over nytt underpunkt i pnkt. 22 i fellesframlegg frå AP,SP,H:

Fellesframlegg frå AP,SP,H vart samrøystes vedteken.

Røysting over framlegg frå valnemnda:

Framlegg frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Røysting over budsjettframlegg i tilråding frå formannskapet med endringane:

Tilråding frå formannskapet med endringane vart samrøystes vedteken.

HST- 091/20 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Ulvik heradstyre godkjenner framlegg til budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024 med desse føresetnadane:

1. Budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024 vert vedteke slik det går fram av vedlagte budsjett- og økonomiplandokument med inkomne endringar.
 2. Framlegg til rammer for fordeling av driftsutgifter til politisk nivå, rådmannsnivå og driftseiningane vert godkjent slik dette går fram av hovudoversikt og vedlagde talbudsjett med inkomne endringar.
 3. VA-avgifter på vatn og kloakk aukast utover sjølvkost til naudsynt nivå for å innbetala underskot på 3,6 millionar frå 2019.
 4. Brakanes skule vert 10-delt frå januar 2021. Ekstra kostnad på kr 610 000,- vert lagt inn i budsjettet for skulen. (Kostnad for 9-deling med kr 910 000 er allereie lagt inn i tallbudsjettet.)
Tiltaket vert finansiert slik: Kr 310 000 i reduksjon til drift av den gamle sjukeheimen og Kr 300 000 frå disposisjonsfond.
 5. Barnehagen får kr 500 000,- i ekstra midlar for å behalda 4 avdelingar i heile 2021. Dette reduserer inntekter med kr. 54 176.
Tiltaket vert finansiert ved å redusera overføring frå drift til investeringsrekneskap med til saman kr. 554 176.
 6. Omsorgstunet videreførast med 18 langtids plassar og bemanning for dette.
 7. Næringslaget tildelast støtte på 250.000 .
 8. Ungdomsarbeidar finansierast av Undervisning med 40%-stilling.
 9. Musikkdirigent som tilbod vert videreført.
 10. Kyrkja tildelast ikkje nye midlar, men vert trekt ned i høve forslag frå stabseininga i talbudsjettet.
 11. Ulvik herad gjev årleg driftstilskot med ca. kr 100 100 til Ulvik IL for nedbetaling av lån på kr 450 000,- til kjøp av ny tråkkemaskin. Lånet skal nedbetalast over 5 år. Driftstilskotet vert dekkja av næringsfondet.
 12. Eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader vert ikkje innført.
 13. Investeringsbudsjettet for Ulvik herad for 2021 vert godkjent med ei totalramme på kr 28 016 838 og eit låneopptak på inntil kr 27 433 686. (korrigererte tal etter uttak av investeringar på skule og bibliotek på totalt kr. 600 000, jfr. pkt. 4, og reduksjon av overføring til investering på totalt kr. 554.176, jfr. pkt. 5)

Kr 250 000,- til utgreiing av fådelt skule vert teken ut av investeringsbudsjettet.
Kr 350 000 til meirope bibliotek vert teke ut av investeringsbudsjettet.
1. Vanleg skatt på inntekt og formue vert fastsett lik høgaste sats Stortinget godkjenner.

2. For eigedomsskatteåret 2020 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova §3 første ledd, bokstav c.
3. Heradet skriv ut skatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringsseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.
4. Det skal skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» etter overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 fyrste ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2021 være lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringsseigedom.
5. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2021 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova §11 fyrste ledd.
6. Skattesatsen for det særskilte grunnlaget er 7 promille.
7. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Ulvik herad vedtekne i heradstyremøte 11.12. 2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2021, jfr. eigedomsskattelova §10.
8. Eigedomsskatten vert skriven ut i to terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 fyrste ledd.
9. Det vert ein auke i betalingssatsane for kommunale tenester frå og med 1. jan. 2021. Dette gjeld for dei tenester me sjølv kan prisjustera utan å koma i konflikt med statlege føringar og/eller sjølvkostprinsipp.
 - For avgifter - vatn og avløp (sjølvkost) vert det vist til oversikt i eige vedlegg til budsjettet. For renovasjon vert det vist til vedtak i Indre Hordaland Miljøverk.
 - Betalingssatsane for tenester i helse- og omsorg vert auka med 3 %. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve endringar i forskrift frå departementet med verknad frå og med 1.1.2021.
 - Betalingssatsane for tenester på skulen vert auka med 3%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2021.
 - Betalingssatsane for tenester i barnehagen vert auka til det som regjeringa føreslår som maksimalpris for ein heiltidsplass i barnehage. Andre satsar i barnehagen er auke etter sjølvkostprinsippet.
 - Husleigesatsane i kommunale utleigebustader er sett opp med 2,5%, der dette let seg gjera utan å koma i konflikt med gjeldande kontraktar eller husleigelov.
 - Betalingssatsar for byggjesak og matrikkellov videreførast frå 2020. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2021.
 - Betalingssatsane for Osafjellsvegen vert som fylgjer:
Kjøretøy under 3,5t. Enkeltur 100,- Årskort 400,-
Kjøretøy over 3,5t. Enkeltur 300,- Årskort 1200,-

1. Ulvik herad tek ut utbytte frå Hardanger Energi AS med NOK 1.152 mill. i 2020.
2. Etter framlegg frå valnemnda vert godtgjersle til ordførar for 2021 fastsett til kr 741 000 .
Til varaordførar kr 76 800.
3. I høve til krav i ny kommunelov §14-2 pliktar heradet å styra etter finansielle måltal. For planperioden 2021-2024 veljast måltal som fylgjer: 1,1% for netto driftsresultat I høve brutto driftsinntekter, gjeldsgrad I høve til frie inntekter på under 1,5 og disposisjonsfond ikkje mindre enn 7% av frie inntekter.